



Forsøpling møtte dei som kom ned i båthamna måndag morgon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Containerproblemet i Uskedalen er slett ikkje løyst i og med at SIM fjerna hyttecontainaren i Børnesvegen. Det har tvert i mot vorte større, hevdar folk.

Etter denne helga plasserte nokon søppel ved containaren i båthamna, som slett ikkje er berekna på søppel frå hytte-eigarar eller andre. Og det tok ikkje mange timane før vinden og fuglane hadde spreidd søpla over eit stort område.

- Nå må nokon ta dette problemet alvorleg og finna ei løysing, seier fleire til uskedalen.no og minner om at dei nærmaste tettstadene har containarar ståande på sentrale stader. Det gjeld til dømes Herøysund.
- Kvifor går ikkje det an i Uskedalen? Er grunnen at vi er nokre grisar her, spurte ein under det førre møtet i Dialogforum. Andre undrar på korleis det skal gå når sommaren er her og feriefolket kjem.

Fleire har spurt kva slags retningsliner SIM har for hyttecontainarane. Det heiter på heimesida deira at dei er plasserte på sentrale stader kringom i kommunane. Målsetjinga til SIM er at alle hyttebrukarar skal ha ein containar tilgjengeleg på sin veg til/frå hytta eller butikken. Hyttebrukarane må med andre ord samla avfallet sitt og frakta det ein ein av containarane, står det i retningslinene.

Men dei som ønskjer eigen dunk ved hytta kan bestilla det hos SIM (dunk med grønt lok). Denne må setjast ut til vegen på same tid og stad som fastbuande set ut restavfallsdunken. Hyttebrukarar kan og få dunkar til å sortera i, slik fastbuande har, men må då betala gebyr som for heilårsbustad.

Av Ola Matti Mathisen